



Møteprotokoll

Utval: kommunestyret
Møtestad: SUFH
Dato: 12.02.2026
Tid: kl. 17.00 - 21.00

Desse møtte

Aurora Dimmen Bratli
Hanne Notøy
Magne Olav Gurskevik
Marianne Breivik
Alf Johan Antonsen
Bennie Bantilan Hansen
Kjell Egil Barstad
Mariette Elise Gjerde
Egil Ulfstein
Hans Petter Th. Ulstein
Oscar Overvåg Tafjord
Stian Skorgen Scheide
Stig Ole Borgundvåg
Per Karsten Ødegård
Per Lorentz Kopperstad
Anders Åge Myrene
Kjell Peter Lunde
Berit Roppen
Lisa Mari Breivik Anderson
Oddvar Gjerde
Morten Feiring
Arve Eldar Flø
Eldar Knotten

Representerer

Ap
Ap
Ap
Ap
Frp
Frp
Frp
Frp
H
H
H
H
H
INP
INP
KrF
KrF
Sp
Sp
Sp
SV
UAV
V

Funksjon

medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
ordførar
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
varaordførar
medlem
medlem
medlem
medlem

Forfall

Knut Erik Engh

Erica Ruiz Solhjem

Representerer

Frp

H

Varamedlem

Magnus Kleven
Eriksen
Berit Overvåg
Hjorth

Representerer

Frp

H

Andre møtte

Jarl Martin Møller
Karen Strand
Arne Runar Vik
Steinar Nummedal
Kristin Meli

adm.
adm.
adm.
adm.
adm.

kommunedirektør
kommunalsjef oppvekst og kultur
kommunalsjef teknisk
økonomeiar
leiande helsesjukepleiar

Møtenotat:

Arve Eldar Flø (uavhengig) var ikkje til stades frå klokka 18.30 til 20.30. Ingen vara var kalla inn. Dei var såleis 24 røysteføre i PS 08/25, PS 09/25 og PS 10/25.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Open talarstol/spørjetimen	26/646
PS 02/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/646
PS 03/26	Godkjenning av protokoll	26/646
PS 04/26	Orienteringar	26/646
PS 05/26	Referatsaker	26/646
PS 06/26	Utbyggingsavtale mellom Fagertun AS og Ulstein kommune	25/1658
PS 07/26	Handlingsplan for trafikktrygging ved skulesamanslåing	25/2850
PS 08/26	Husleige Skollebakken 1	26/90
PS 09/26	Tillegg til betalingssatsar Helse og omsorg 2026	26/579
PS 10/26	Barnehage Hasund krins - revidert konsept	25/2495
PS 11/26	Rullering av KIF-planen sitt handlingsprogam 2026	26/557
PS 12/26	Debattheft 2026 - Tid for taktskifte	26/6
PS 13/26	Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - uttale	20/2471
PS 14/26	Skjenkeløyve - George Aga AS	25/1700
PS 15/26	Søknad om fritak frå politisk verv	25/1886
PS 16/26	Val av styrerepresentantar til Sunnmøre friluftsråd	21/635

Ulsteinvik, 13.02.2026

Stian Skorgen Scheide
ordfører

PS 01/26 Open talarstol/spørjetimen

Marianne Breivik (Ap) - Spørsmål om Ulsteinkortet og kino

- Er dei 117 Ulsteinkorta som Hjertervarmeaksjonen fekk frå Sparebanken Norge delt ut?

Svar frå kommunedirektøren:

Dei vart delt ut i samband med Hjertervarmeaksjonen.

- Og kan vi få lagt fram ei sak i samband med revidert på Ulsteinkort både for gratis tildeling og rabattert for sal?

Svar frå kommunedirektøren:

Saka har vore drøfta ved fleire høve og seinast i møte i desember 2025.

Administrasjonen har lagt til grunn at Ulsteinkortet, saman med fleire andre tiltak, vert synleggjort i sak som kommunestyret har bestilt kring "Kulturavdelinga" gjennom sitt eige budsjettvedtak for 2026.

Det vil vere naturleg at innretning, gratis utdeling eller andre rabatterte ordningar, av eit "Ulsteinkort" vert utgreidd og lagt fram for kommunestyret for avgjerd i samband med denne saka.

Eg limer inn administrasjonen si vurdering, prinsipp for finansiering, frå desember 2025 (A) og utgreiinga kommunestyret har bestilt i samband med budsjettvedtaket i desember 2025 (B) –

A.

Det sentrale her er at kommunestyret styrka kontantkasse med sitt vedtak 37/24. Dette var prosjektmidlar og må leggjast til grunn var eittårig finansiering og for året 2024 jf.vedtak.

I forslag til budsjett og økonomiplan har vi sagt følgjande om kontantkasse. Eg viser til - [Økonomiplan 2026 - 2029 og årsbudsjett 2026](#) og arbeidet med å omprioritere midlar.

Ramme for kontantkasse 2026 er føreslått til 25 000 kr. FSK har slutta seg til dette i sitt framlegg til offentleg ettersyn.

Skal ein prioritere tiltaket må kommunestyret finansiere opp eller omprioritere midlar innafor dagens ramme.

Som eg viste til i førre orientering er at prinsippet om finansiering bør vere slik - Kommunen budsjetterer med inntekter. Td fritak for td billettinntekter, husleige eller gåver som resulterer i mindre inntekter, vert å sjå på som svikt i inntekt/budsjett og skal løyvast/dekkjast inn. Bør vere beløp av ein viss storleik.

I årets budsjettarbeid har vi ikkje funne rom for dette tiltaket. Det går klart fram av budsjett og økonomiplan at administrasjonen har lagt til grunn i sitt arbeid- [Budsjettprosessen 2026-2029](#) . (vi har prioritert realistiske budsjett og i liten grad funne rom til nye tiltak)

B.

Smartprosjektet - Omstilling Kultur

Smart-prosjektet held fram, og tala kan sjå dramatiske ut når dei blir presentert i eit rekneark. Målet med desse verbalpunkta er likevel ikkje å svekke tenestene, men å få betre innsikt i prioriteringar og organisering. Omstilling er krevjande, men nødvendig for å sikre rett bruk av ressursane framover. Difor legg vi inn delvis spesifiserte innsparingskrav som ei bestilling til

organisasjonen om å vurdere eigne strukturar og finne moglegheiter. Nokre svar kan peike på betre oppgåvefordeling, andre kan vise at konsekvensane blir for store og at ramma må justerast. Uansett er det avgjerande med solid kunnskap i botn når vi skal ta faktiske val. Det har vore nødvendig i skulesektoren, og det vil vere nødvendig i fleire sektorar for å optimalisere korleis kommunen nyttar ressursane sine.

1. **Kultur:**

Det ligg inne eit uspesifisert innsparingskrav i perioden. Før sommarferien 2026 ber kommunestyret om å få levert konkrete tiltak for heile kultursektoren som grunnlag for å vurdere om ramma kan innfriast. Dette inneber at ein går gjennom heile organisasjonen – kino, kulturskule, idrettsanlegg, bibliotek, kulturhus og øvrig drift – for å synleggjere korleis eit slikt krav vil påverke drift, tilbod og tenestenivå. Dersom det ikkje er mogleg å innfri heile beløpet, ønskjer kommunestyret likevel ei detaljert framstilling av alle realistiske moglegheiter. Endeleg konklusjon i denne omstillinga vil bli teke i samband med neste budsjetttrunde, med mindre enkelte tiltak må iverksettast tidlegare for å gi effekt frå 2027.

- Kino på Sjøborg og i Fosnavåg er svært ofte stengt same dagar og køyrer same filmar på same dagar. Kan vi ta initiativ til ei anna organisering der ein kan tenke region/utvida kommune får eit meir fleksibelt kinotilbod!

Svar frå kommunedirektøren:

Det vil naturleg at dette vert synleggjort i utgreiingsarbeid som skal gjerast i kulturavdelinga

Lisa Mari Breivik Anderson (Sp) – Lærarnorm

- Kor mange lærarårsverk inneber dagens normkrav på skulenivå i Ulstein kommune og kva vert skilnaden om normkravet vert lagt til kommunenivå?

Svar frå kommunedirektøren:

Skuleåret 2025 – 2026 brukte vi 75 294 årstimar til undervisning. Dette er 44,6 årsverk.

54 498 årstimar gjekk til ordinær undervisning, fordelt på

1.-4.trinn: 23 651 årstimar

5.-7.trinn: 16 198 årstimar

8.-10.trinn: 14 649 årstimar

I tillegg til ordinær undervisning, nyttar vi ressursar til individuell tilrettelagd opplæring, forsterka norskopplæring byrdefullpott, livsfasetiltak, kontaktlærarreduksjon, elevråd, leikepatrulje, IKT-ressurs, vikarpott og plasstillitsvaldressurs.

- Typisk utgjer sjølve undervisningsdelen 30–45 % av eit lærarårsverk, avhengig av trinn.
- Resten av tida går til planlegging, samarbeid, møteverksemd, elevoppfølging m.m. – alt nødvendig, men ikkje relevant for normtettleik.

Dette gjer at det er vanskeleg å rekne ut eit tal som viser skilnaden på dagens ordning for lærarnorm og slik det vil sjå ut om lærarnorma vert lagt på kommunenivå.

Ei lærarnorm kan sikre eit minimum av lærartettleik i klasseromma.

Ei lærarnorm tek i liten grad omsyn til lokale behov og kan føre til at ressursar vert brukt likt, i staden for rett. Det som er rett tiltak i ein stor skule, er ikkje nødvendigvis rett i ein liten skule, eller omvendt.

Oddvar Gjerde (Sp) - Stigebil

- Ser i oppslag i Vikebladet Vestposten for nokre dagar sidan at Hareid og Ulstein brannvesen har fått stige bil. Dette er ei gladsak og eit viktig tiltak for å kunne redde innbyggjarane våre som bur i blokk ved brann. Så vidt eg hugsar så låg kjøp av stige bil inne i vedtatt budsjett for 2025.

Mitt spørsmål er om ikkje investering i kjøp av stige bil likevel skal vedtakast som eiga sak i kommunestyret?

Svar frå ordførar:

Det stemmer at dette er finansiert gjennom budsjett og økonomiplan gjennom prosjektet Brann - Kjøretøy brannvesen. Totalt har vi sett av 5 millionar kroner inklusive mva til formålet (2025-2026)

Det er ikkje vanleg at kommunestyret tek ny stilling til allereie vedtekne investeringar (vedtatt gjennom ordinær budsjetthandsaming). Unntaket er når rammene ikkje held og ein treng ytterlegare finansiering.

PS 02/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende utan merknad.

Behandling:

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 03/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

PS 04/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Orientering om helsestasjonen

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitende.

Behandling:

Leiande helsesjukepleiar Kristin Meli orienterte om Ulstein helsestasjon.

Kommunedirektør Jarl Martin Møller og økonomileiar Steinar Nummedal gav ei orientering om prognose årsresultat 2025 og litt om 2026.

Orienteringane vart samrøystes tekne til vitende.

PS 05/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	3K - Orientering om prosess for kommunesammenslåing
02/26	Tilsyn oppvekst og kulturetaten

Vedtak:

Referatsakene vert tekne til vitende.

Behandling:

Referatsakene vart samrøystes tekne til vitende.

PS 06/26 Utbyggingsavtale mellom Fagertun AS og Ulstein kommune

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale mellom Ulstein kommune og Fagertun AS datert 09.12.2025.

Behandling:

Røysting:

Teknisk utval si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale mellom Ulstein kommune og Fagertun AS datert 09.12.2025.

Vedtak som innstilling frå teknisk utval - 05.02.2026 - 11/26

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale mellom Ulstein kommune og Fagertun AS datert 09.12.2025.

PS 07/26 Handlingsplan for trafikktrygging ved skulesamanslåing**Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner framlegg til handlingsplan - trygg trafikk til og frå skuleområdet i Ulsteinvik revidert 30.01.2026.

Kommundirektøren set planen i verk innanfor gjeldande fullmakter.

Kommunestyret prinsippgodkjenner skiltplan revidert 30.01.2026. Teknisk utval har fullmakt til å gjere vedtak om skiltplan og eventuelt vedta mindre vesentlege justeringar av framlagt skiltplan. Utvalet gjev også tilråding til Statens vegvesen om dei trafikkregulerande skilta, jf. skiltforskriften § 28.

1. Legge til rette for at snarveggar i byggefeltet blir meir brukte. Då får borna og ungdommane bort frå bilvegane. Vedlikehald, opprydding, merking og belysning av vegane er då nødvendig
2. Leiar elevane gjennom Gjerdegata og ikkje gjennom Kyrkjegata når Fagertun er ferdig bygd.
3. Skuleskyss frå Vikemarka, Varleite og Hofsetsvingane stopper i Gjerdegata dette vil gi tryggare skuleveg og er eit ynskje frå FAU ved Ulsteinvik barneskule
4. Ber om at administrasjonen ser på forbetring av Vikebakkrysset og planlegger avstigingsplass for å førebygge farlege situasjonar

Behandling:**Tilleggsframlegg, foreslått av Berit Roppen, Senterpartiet**

Ber om at ein starter med prosjektering og planlegging av fortau langs Bakkagata.

Gildskapsvurdering - Oscar O. Tafjord (H)

Oscar O. Tafjord eig bustad i Gjerdegata 31 og sit i styret for sameiget på same adresse.

Han stiller difor spørsmål ved sin gildskap i saka.

Tafjord gjekk frå. Det var ikkje kalla inn vara.

Han vart samrøystes funnen gild, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

Tafjord tok sete igjen.

Kommunalsjef teknisk Arne Runar Vik gav ei orientering i saka.

Røysting:

Tilrådinga frå teknisk utval vart samrøystes vedteken.

Tilleggsframlegget frå Berit Roppen (Sp) fall med 12 mot 13.

Forslag frå B. Roppen (Sp)	Fallen
FOR 12	MOT 13
Høgre (1/6) Berit Overvåg Hjorth Sosialistisk Venstreparti (1/1) Morten Feiring Senterpartiet (3/3) Lisa Mari Breivik Anderson Berit Roppen Oddvar Gjerde Industri- og Næringspartiet (2/2) Per Lorentz Kopperstad Per Karsten Ødegård Framstegspartiet (2/5) Bennie Bantilan Hansen Kjell Egil Barstad Venstre (1/1) Eldar Knotten Uavhengig (1/1) Arve Eldar Flø Kristeleg Folkeparti (1/2) Anders Myrene	Arbeidarpartiet (4/4) Aurora Dimmen Bratli Hanne Notøy Magne Gurskevik Marianne Breivik Høgre (5/6) Egil Ulfstein Stig Ole Borgundvåg Stian Skorgen Scheide (sett manuelt av Stian Skorgen Scheide) Oscar Overvåg Tafjord Hans Petter Th. Ulstein Framstegspartiet (3/5) Alf Johan Antonsen Magnus Kleven Eriksen Mariette Gjerde Kristeleg Folkeparti (1/2) Kjell Peter Lunde

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret godkjenner framlegg til handlingsplan - trygg trafikk til og frå skuleområdet i Ulsteinvik revidert 30.01.2026.

Kommundirektøren set planen i verk innanfor gjeldande fullmakter.

Kommunestyret prinsippgodkjenner skiltplan revidert 30.01.2026. Teknisk utval har fullmakt til å gjere vedtak om skiltplan og eventuelt vedta mindre vesentlege justeringar av framlagt skiltplan. Utvalet gjev også tilråding til Statens vegvesen om dei trafikkregulerande skilta, jf. skiltforskriften § 28.

Vedtak som innstilling frå teknisk utval - 05.02.2026 - 15/26

Kommunestyret godkjenner framlegg til handlingsplan - trygg trafikk til og frå skuleområdet i Ulsteinvik revidert 30.01.2026.

Kommundirektøren set planen i verk innanfor gjeldande fullmakter.

Kommunestyret prinsippgodkjenner skiltplan revidert 30.01.2026. Teknisk utval har fullmakt til å gjere vedtak om skiltplan og eventuelt vedta mindre vesentlege justeringar av framlagt skiltplan. Utvalet gjev også tilråding til Statens vegvesen om dei trafikkregulerande skilta, jf. skiltforskriften § 28.

1. Legge til rette for at snarvegane i byggefeltet blir meir brukte. Då får borna og ungdommane bort frå bilvegane. Vedlikehald, opprydding, merking og belysning av vegane er då nødvendig

2. Leiar elevane gjennom Gjerdegata og ikkje gjennom Kyrkjegata når Fagertun er ferdig bygd.
3. Skuleskyss frå Vikemarka, Varleite og Hofsetsvingane stopper i Gjerdegata dette vil gi tryggare skuleveg og er eit ynskje frå FAU ved Ulsteinvik barneskule
4. Ber om at administrasjonen ser på forbetring av Vikebakkrysset og planlegger avstigingsplass for å førebygge farlege situasjonar

PS 08/26 Husleige Skollebakken 1

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek husleige for dei nye omsorgsbustadane i Skollebakken 1 til omlag kr 13 000 per måned.
2. I tillegg vert felleskostnader fastsett til omlag kr 1 300 per måned.
3. Husleiga vert regulert vidare i tråd med gjeldande regelverk og vedteken berekningsmodell.

Behandling:

Arve Eldar Flø (uavhengig) fekk permisjon og gjekk frå. Ingen vara var kalla inn.

Kommunedirektør Jarl Martin Møller gav ei kort orientering og svarte på spørsmål om saka.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken med 24 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek husleige for dei nye omsorgsbustadane i Skollebakken 1 til omlag kr 13 000 per måned.
2. I tillegg vert felleskostnader fastsett til omlag kr 1 300 per måned.
3. Husleiga vert regulert vidare i tråd med gjeldande regelverk og vedteken berekningsmodell.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 27.01.2026 - 05/26

Fellesrådet vil gi eit signal om at vi synast at leigepriisen for Skollebakken 1 er i overkant høg, rådet har likevel forståing for at ein må innhente gjengs leige, men at ein må minnast på at det er ei sårbar gruppe menneske som skal nytte tilbodet.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 28.01.2026 - 06/26

1. Kommunestyret vedtek husleige for dei nye omsorgsbustadane i Skollebakken 1 til omlag kr 13 000 per måned.
2. I tillegg vert felleskostnader fastsett til omlag kr 1 300 per måned.
3. Husleiga vert regulert vidare i tråd med gjeldande regelverk og vedteken berekningsmodell.

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 03.02.2026 - 05/26

1. Kommunestyret vedtek husleige for dei nye omsorgsbustadane i Skollebakken 1 til omlag kr 13 000 per måned.
2. I tillegg vert felleskostnader fastsett til omlag kr 1 300 per måned.
3. Husleiga vert regulert vidare i tråd med gjeldande regelverk og vedteken berekningsmodell.

PS 09/26 Tillegg til betalingssatsar Helse og omsorg 2026**Vedtak:**

Ulstein kommunestyre vedtek ny sats for eigenbetaling for dagplass og forbruksvarer for 2026 slik;

Forbruksvarer i omsorgsbustad kr 240.- pr. mnd

Dagplass i dagsenter for eldre kr 195.- pr.dag

Behandling:**Røysting:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken med 24 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre vedtek ny sats for eigenbetaling for dagplass og forbruksvarer for 2026 slik;

Forbruksvarer i omsorgsbustad kr 240.- pr. mnd

Dagplass i dagsenter for eldre kr 195.- pr.dag

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 28.01.2026 - 11/26

Ulstein kommunestyre vedtek ny sats for eigenbetaling for dagplass og forbruksvarer for 2026 slik;

Forbruksvarer i omsorgsbustad kr 240.- pr. mnd

Dagplass i dagsenter for eldre kr 195.- pr.dag

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 03.02.2026 - 07/26

Ulstein kommunestyre vedtek ny sats for eigenbetaling for dagplass og forbruksvarer for 2026 slik;

Forbruksvarer i omsorgsbustad kr 240.- pr. mnd

Dagplass i dagsenter for eldre kr 195.- pr.dag

PS 10/26 Barnehage Hasund krins - revidert konsept

Vedtak:

Ulstein kommunestyre vedtek å gå vidare med planane for ny barnehage og ber administrasjonen arbeide vidare i tråd med konseptet datert 19.1.2026 og førebu prosjektet for vidare fase med slike justeringar:

1. Dei økonomiske rammene til uteområde skal reduseres.
2. Vassboren varme skal vere ein opsjon i prosjektet.
3. Opparbeiding av gangveg skal vere ein opsjon i prosjektet.
4. Solceller skal vere ein opsjon i prosjektet.
5. Prosjektet skal gjennomførast med to total entrepriser, ein for grunnarbeid og opparbeiding av tomt inkl ute- og leikeområde, samt leikeapparat og ein for bygget inkludert alle tekniske installasjonar.

Ulstein kommunestyre aukar samla investeringsramme for prosjektet med 10 millionar kroner og auken i driftskonsekvensen på om lag 500 000 kroner vert å innarbeide i økonomiplanen for 2027-2030

Ny samla ramme for prosjektet vert sett til 70 millionar kroner inklusiv mva.

Behandling:

Framlegg frå Ap, KrF, Sp, SV, V, Frp, H og INP, foreslått av Hanne Notøy, Arbeidarpartiet

Ulstein kommunestyre vedtek å gå vidare med planane for ny barnehage og ber administrasjonen arbeide vidare i tråd med konseptet datert 19.1.2026 og førebu prosjektet for vidare fase med slike justeringar:

1. Dei økonomiske rammene til uteområde skal reduseres.
2. Vassboren varme skal vere ein opsjon i prosjektet.
3. Opparbeiding av gangveg skal vere ein opsjon i prosjektet.
4. Solceller skal vere ein opsjon i prosjektet.
5. Prosjektet skal gjennomførast med to total entrepriser, ein for grunnarbeid og opparbeiding av tomt inkl ute- og leikeområde, samt leikeapparat og ein for bygget inkludert alle tekniske installasjonar.

Ulstein kommunestyre aukar samla investeringsramme for prosjektet med 10 millionar kroner og auken i driftskonsekvensen på om lag 500 000 kroner vert å innarbeide i økonomiplanen for 2027-2030

Ny samla ramme for prosjektet vert sett til 70 millionar kroner inklusiv mva.

Kommunedirektør Jarl Martin Møller svarte ut spørsmål om saka som vart stilt på formannskapsmøte 03.02.2026.

Røysting:

Framlegget frå Ap, KrF, Sp, SV, V, Frp, H og INP samrøystes vedteke med 24 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre vedtek å gå vidare med planane for ny barnehage og ber administrasjonen arbeide vidare i tråd med konseptet datert 19.1.2026 og førebu prosjektet for vidare fase.

Ulstein kommunestyre aukar samla investeringsramme for prosjektet med 24,5 millionar kroner og auken i driftskonsekvensen på 1,225 MNOK vert finansiert ved å nytte auken i rammetilskotet som vist i saka.

Ny samla ramme for prosjektet vert 84,5 millionar kroner inklusiv mva.

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 03.02.2026 - 09/26

Kommunestyremøte ber administrasjonen greie ut følgjande punkt før det blir teke endeleg stilling til investeringsramma:

1. Økonomiske fordelar ved samlokalisering av barnehageavdelingane til Sungodtmarka barnehage.
2. Økonomiske konsekvensar av investeringsramma inkludert konsekvens for framtidig handlingsrom.
3. Konsekvensar av å fråvike rekkjefølgjekrava knytt til barnehagen.
4. Vurdering av tomteval, om valt tomt er det mest tenlege økonomisk alternativet.

Vedtak som innstilling frå teknisk utval - 05.02.2026 - 14/26

Teknisk utval ber administrasjonen greie ut følgjande punkt før det blir teke endeleg stilling til investeringsramma:

1. Økonomiske fordelar ved samlokalisering av barnehageavdelingane til Sungodtmarka barnehage
2. Økonomiske konsekvensar av investeringsramma inkludert konsekvens for framtidig handlingsrom

Konsekvensar av å fråvike rekkjefølgjekrava knytt til barnehagen.

PS 11/26 Rullering av KIF-planen sitt handlingsprogam 2026

Vedtak:

Ulstein kommunestyre godkjenner følgjande handlingsprogram i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, for perioden 2026 - 2029.

Behandling:

Framlegg frå Senterpartiet, foreslått av Berit Roppen, Senterpartiet

Ber om at turveg/sherpatrapp Gåsneset – Roppehornet 5,0 mill (tabell) blir fjerna frå planen.

Arve Eldar Flø (uavhengig) tok sete og kommunestyret var fulltalig igjen.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over framlegget frå Senterpartiet. Det fall med 5 mot 20 røyster.

Forslag frå Sp	Fallen
FOR 5	MOT 20
Kristeleg Folkeparti (1/2) Kjell Peter Lunde Senterpartiet (3/3) Oddvar Gjerde Lisa Mari Breivik Anderson Berit Roppen Sosialistisk Venstreparti (1/1) Morten Feiring	Framstegspartiet (5/5) Alf Johan Antonsen Magnus Kleven Eriksen Kjell Egil Barstad Bennie Bantilan Hansen Mariette Gjerde Arbeidarpartiet (4/4) Magne Gurskevik Marianne Breivik Aurora Dimmen Bratli Hanne Notøy Høgre (6/6) Hans Petter Th. Ulstein Oscar Overvåg Tafjord

	Egil Ulfstein Stig Ole Borgundvåg Berit Overvåg Hjorth Stian Skorgen Scheide (sett manuelt av Stian Skorgen Scheide) Kristeleg Folkeparti (1/2) Anders Myrene Industri- og Næringspartiet (2/2) Per Karsten Ødegård Per Lorentz Kopperstad Venstre (1/1) Eldar Knotten Uavhengig (1/1) Arve Eldar Flø
--	--

Deretter vart det røysta over tilrådinga frå formannskapet. Den vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre godkjenner følgjande handlingsprogram i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, for perioden 2026 - 2029.

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 03.02.2026 - 12/26

Ulstein kommunestyre godkjenner følgjande handlingsprogram i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, for perioden 2026 - 2029.

Vedtak som innstilling frå teknisk utval - 05.02.2026 - 13/26

Ulstein kommunestyre godkjenner følgjande handlingsprogram i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, for perioden 2026 - 2029.

PS 12/26 Debattheft 2026 - Tid for taktskifte

Vedtak:

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 28.01.2026 - 09/26

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 27.01.2026 - 07/26

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 03.02.2026 - 10/26

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

Vedtak som innstilling frå teknisk utval - 05.02.2026 - 12/26

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

PS 13/26 Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - uttale

Vedtak:

Ulstein kommune støttar hovudretninga i *Fylkesstrategi for samferdsel 2027–2030*.

Kommunen legg vekt på at ein må sikre eit føreseieleg og samordna kollektivtilbod med gode mobilitetsløysingar som fremjar inkludering på tvers av generasjonar.

Kommunen støttar vidare at trafikkssikkerheit vert prioritert saman med drift og vedlikehald av eksisterande fylkesvegnett som grunnlag for mobilitet, verdiskaping og berekraftig samfunnsutvikling.

Behandling:

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommune støttar hovudretninga i *Fylkesstrategi for samferdsel 2027–2030*.

Kommunen legg vekt på at ein må sikre eit føreseieleg og samordna kollektivtilbod med gode mobilitetsløysingar som fremjar inkludering på tvers av generasjonar.

Kommunen støttar vidare at trafikkssikkerheit vert prioritert saman med drift og vedlikehald av eksisterande fylkesvegnett som grunnlag for mobilitet, verdiskaping og berekraftig samfunnsutvikling.

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 03.02.2026 - 11/26

Ulstein kommune støttar hovudretninga i *Fylkesstrategi for samferdsel 2027–2030*.

Kommunen legg vekt på at ein må sikre eit føreseieleg og samordna kollektivtilbod med gode mobilitetsløysingar som fremjar inkludering på tvers av generasjonar.

Kommunen støttar vidare at trafikkssikkerheit vert prioritert saman med drift og vedlikehald av eksisterande fylkesvegnett som grunnlag for mobilitet, verdiskaping og berekraftig samfunnsutvikling.

PS 14/26 Skjenkeløyve - George Aga AS

Vedtak:

Søknaden om skjenkeløyve frå George Aga AS vert delvis imøtekomen, med heimel i alkohollova §§ 1-7, 4-1 til 4-4 og [alkoholpolitisk handlingsplan for Ulstein kommune](#).

1. Styrar og vara

Styrar for skjenkeløyvet er: George Aga

Vara for styrar er: Mostafa Ghazi

2. Skjenkeareal/ gjesteplassar

Innandørs skjenkeareal: 414 kvadratmeter med 280 gjesteplassar

Utanndørs skjenkeareal: 150 kvadratmeter med 80 gjesteplassar

3. Alkoholgruppe

Alkoholgruppe 1 – høgast 4,7 % alkohol

Alkoholgruppe 2 – over 4,7 og mindre enn 22 % alkohol

Alkoholgruppe 3 – frå og med 22 % til og med 60 % alkohol

4. Skjenketid

Alkoholgruppe 1 og 2:

Innandørs skjenkeareal: kl. 11.00-02.00 alle dagar

Utanndørs skjenkeareal: kl. 11.00-01.00 alle dagar

Alkoholgruppe 3:

Innandørs skjenkeareal: kl. 13.00-02.00 alle dagar

Utanndørs skjenkeareal: kl. 13.00-01.00 alle dagar

Konsum av alkoholhaldig drikke må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. I uteareal skal alkoholhaldig drikke takast med inn i skjenkelokalet ved skjenketida sin slutt.

5. Andre vilkår for skjenkeløyvet

- Arealet er godkjent for omsøkt bruk.
- Utandørs skjenkeareal skal vere tydeleg definert og fysisk avgrensa.
- Minimum styrar og vara for styrar skal delta på kurs i ansvarleg vertskap så lenge kommunen tilbyr det i løyveperioden. Ved skifte av styrar og/eller vara for styrar gjeld det same vilkåret.
- Skjenkestaden skal ha forsvarleg vakthald
- Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.
- Ansvarleg ved skjenkestaden og den som skjenkar alkohol skal ikkje vere påverka av rusmiddel i arbeidstida.

6. Løyveperiode

Løyvet gjeld frå 13. februar 2026 til 30. september 2028, jamfør alkohollova § 1-6 andre ledd.

7. Brot på vilkåra for løyvet eller alkohollovgivnaden

Brot på vilkåra for løyvet eller alkohollova med forskrift vil kunne få følgjer for skjenkeløyvet, jf. alkohollova § 1-8.

8. Endringar

Løyvehavar skal melde frå til kommunen om endringar som har betydning for løyvet. Ved endring i konsept skal det søkjast om nytt løyve.

Behandling:

Kommunalsjef for organisasjon og utvikling Monica Torp svarte på spørsmål.

Røysting:

Levekårsutvalet si tilråding vart vedteken med 24 mot 1 røyst (Oscar O. Tafjord, Høgre)

Kommunedirektøren si tilråding:

Søknaden om skjenkeløyve frå George Aga AS vert delvis imøtekomen, med heimel i alkohollova §§ 1-7, 4-1 til 4-4 og [alkoholpolitisk handlingsplan for Ulstein kommune](#).

1. Styrar og vara

Styrar for skjenkeløyvet er: George Aga
Vara for styrar er: Mostafa Ghazi

2. Skjenkeareal/ gjesteplassar

Innandørs skjenkeareal: 414 kvadratmeter med 280 gjesteplassar
Utandørs skjenkeareal: 150 kvadratmeter med 80 gjesteplassar

3. Alkoholgruppe

Alkoholgruppe 1 – høgast 4,7 % alkohol
Alkoholgruppe 2 – over 4,7 og mindre enn 22 % alkohol
Alkoholgruppe 3 – frå og med 22 % til og med 60 % alkohol

4. Skjenketid

Alkoholgruppe 1 og 2:
Innandørs skjenkeareal: kl. 11.00-02.00 alle dagar
Utandørs skjenkeareal: kl. 11.00-01.00 alle dagar

Alkoholgruppe 3:
Innandørs skjenkeareal: kl. 13.00-02.00 alle dagar
Utandørs skjenkeareal: kl. 13.00-01.00 alle dagar

Konsum av alkoholhaldig drikke må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. I uteareal skal alkoholhaldig drikke takast med inn i skjenkelokalet ved skjenketida sin slutt.

5. Andre vilkår for skjenkeløyvet

- Arealet er godkjent for omsøkt bruk.
- Utandørs skjenkeareal skal være tydeleg definert og fysisk avgrensa.
- Minimum styrar og vara for styrar skal delta på kurs i ansvarleg vertskap så lenge kommunen tilbyr det i løyveperioden. Ved skifte av styrar og/eller vara for styrar gjeld det same vilkåret.
- Skjenkestaden skal ha forsvarleg vakthald
- Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.
- Ansvarleg ved skjenkestaden og den som skjenkar alkohol skal ikkje vere påverka av rusmiddel i arbeidstida.

6. Løyveperiode

Løyvet gjeld frå 13. februar 2026 til 30. september 2028, jamfør alkohollova § 1-6 andre ledd.

7. Brot på vilkåra for løyvet eller alkohollovgivnaden

Brot på vilkåra for løyvet eller alkohollova med forskrift vil kunne få følgjer for skjenkeløyvet, jf. alkohollova § 1-8.

8. Endringar

Løyvehavar skal melde frå til kommunen om endringar som har betyding for løyvet. Ved endring i konsept skal det søkjast om nytt løyve.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 28.01.2026 - 10/26

Søknaden om skjenkeløyve frå George Aga AS vert delvis imøtekomen, med heimel i alkohollova §§ 1-7, 4-1 til 4-4 og [alkoholpolitisk handlingsplan for Ulstein kommune](#).

1. Styrar og vara

Styrar for skjenkeløyvet er: George Aga
Vara for styrar er: Mostafa Ghazi

2. Skjenkeareal/ gjesteplassar

Innandørs skjenkeareal: 414 kvadratmeter med 280 gjesteplassar
Utandørs skjenkeareal: 150 kvadratmeter med 80 gjesteplassar

3. Alkoholgruppe

Alkoholgruppe 1 – høgast 4,7 % alkohol
Alkoholgruppe 2 – over 4,7 og mindre enn 22 % alkohol
Alkoholgruppe 3 – frå og med 22 % til og med 60 % alkohol

4. Skjenketid

Alkoholgruppe 1 og 2:
Innandørs skjenkeareal: kl. 11.00-02.00 alle dagar
Utandørs skjenkeareal: kl. 11.00-01.00 alle dagar

Alkoholgruppe 3:
Innandørs skjenkeareal: kl. 13.00-02.00 alle dagar
Utandørs skjenkeareal: kl. 13.00-01.00 alle dagar

Konsum av alkoholhaldig drikke må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. I uteareal skal alkoholhaldig drikke takast med inn i skjenkelokalet ved skjenketida sin slutt.

5. Andre vilkår for skjenkeløyvet

- Arealet er godkjent for omsøkt bruk.
- Utandørs skjenkeareal skal vere tydeleg definert og fysisk avgrensa.
- Minimum styrar og vara for styrar skal delta på kurs i ansvarleg vertskap så lenge kommunen tilbyr det i løyveperioden. Ved skifte av styrar og/eller vara for styrar gjeld det same vilkåret.
 - Skjenkestaden skal ha forsvarleg vakthald
 - Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.
- Ansvarleg ved skjenkestaden og den som skjenkar alkohol skal ikkje vere påverka av rusmiddel i arbeidstida.

6. Løyveperiode

Løyvet gjeld frå 13. februar 2026 til 30. september 2028, jamfør alkoholova § 1-6 andre ledd.

7. Brot på vilkåra for løyvet eller alkoholovgivningen

Brot på vilkåra for løyvet eller alkoholova med forskrift vil kunne få følgjer for skjenkeløyvet, jf. alkoholova § 1-8.

8. Endringar

Løyvehavar skal melde frå til kommunen om endringar som har betydning for løyvet. Ved endring i konsept skal det søkjast om nytt løyve.

PS 15/26 Søknad om fritak frå politisk verv

Vedtak:

Som nytt fast medlem i viltutvalet vel kommunestyret Cecilie Bjørnerem-Brandal.

Behandling:

Røysting:

Valutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Det er valutvalet som skal kome med tilråding til kommunestyret.

Vedtak som innstilling frå valutval - 02.02.2026 - 04/26

Som nytt fast medlem i viltutvalet vel kommunestyret Cecilie Bjørnerem-Brandal.

PS 16/26 Val av styrerepresentantar til Sunnmøre friluftsråd

Vedtak:

Berit Sandvik Skeide - fast medlem
Stig Ole Borgundvåg - varamedlem

Behandling:

Røysting:

Valutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Det er valutvalet som skal kome med tilråding til kommunestyret.

Vedtak som innstilling frå valutval - 02.02.2026 - 05/26

Berit Sandvik Skeide- fast medlem
Stig Ole Borgundvåg- varamedlem